# Meland kommune

Arkitektgruppen Cubus AS
Postboks 294
5804 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 21.04.2017 |
| Vår: 16/2450 - 17/7834 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - igangsettingsløyve for deler av tiltak, grunn-/terrengarbeid og utvendige VA-anlegg, bustad på Langeland, gbnr 24/109.

**Administrativt vedtak. Saknr: 110/2017**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar**: | Kjartan Storsæt og Liv Monika Storsæt |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkitektgruppen CUBUS AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1. |

**Saksutgreiing/vurdering:**
Arkitektgruppen CUBUS AS har på vegne av Kjartan Storsæt og Liv Monika Storsæt søkt om igangsettingsløyve for del av tiltak – grunn-/terrengarbeid og utvendig VA-anlegg, bustad på Langeland gbnr 24/109.
Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 406/2016 – dagsett 06.12.2016.

Planstatus:
Eigedomen er i Reguleringsplan for Langeland – planid 1256 2003 1126 - avsett til bustadføremål. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:
Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. D et er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:
Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 11.04.2016, vedlagt søknaden (gjennomføringplan er dagsett 11.04.2016, administrasjonen tolkar dette som ein skrivefeil og at korrekt dato er 11.04.2017). Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

**Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for deler av tiltaket, grunn-/betongarbeid og utvendig VA-anlegg – bustad på Langeland, gbnr 24/109, jf søknad med vedlegg motteke 11.04.2017.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 26.10.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
24-109 IG

**Kopi til:**

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjartan Storsæt og Liv Monika Storsæt | Torvvegen 28 | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektgruppen Cubus AS | Postboks 294 | 5804 | BERGEN |